

Kartverket
Berit Sandnes

Dykkar ref.

Vår ref.
23/415-6/KES

Dato
22.09.2023

Ulstein kommune – namna på tre fjelltoppar – tilråding

Me syner til eit brev som Berit Sandnes i Kartverket skreiv til Språkrådet 13. september i år om ei sak som gjeld namna på tre fjelltoppar på grensa mellom kommunane Ulstein og Hareid. (Saka har vore koordinert av Ulstein kommune.)

I eit brev me skreiv til Ulstein kommune 3. april i år, tilrådde me førebels skrivemåtane **Storebroren** og **Lisjebroren**, og sidan desse formene no er støtta av begge kommunane, har me all grunn til å halda fast på det me tilrådde i vår i dei to einskildsakene.

Det har komme inn temmeleg sprikande opplysningar om kva som er rett namn på den tredje fjelltoppen. Ulstein kommune skriv slik om dette: «Alle innspela er [...] klare på at fjelltoppen lengst vest bør kartfestast med namnet "Storebroren" og at toppen lengst aust bør kartfestast som "Lisjebroren". For toppen mellom desse, er ikkje innspela like eintydige.

Administrasjonen kan ikkje utifrå høyringa slå fast at det er noko som peikar seg ut, og då kan det kanskje vere greiast at namnet som står i kartet vert ståande uendra. Dette er Midtre Broren. Forslaga som har vore nemnde er Mellomste broren, Myllåbroren, Myllobroren, Mellombroren, Midtbroren, Midtbroren. Tenkjer ein på ein søskenflokk med tre brør, er det nok truleg at ein frå Ulstein ville seie midtbroren om den som var mellom den yngste og den eldste. Berre eit av namna er frårådd både av Språkrådet og av Hareid kommune, og det er "Myllåbroren" som namnenemnda foreslo. Administrasjonen finn råda så sprikande at det vert tilrådd at namnet på toppen i midten vert ståande uendra i høve det som går fram av kartet.» (Sjå dei medsende dokumentkopiane.)

Me sluttar oss til den vurderinga kommunen har i denne saka og tilrår at ein held fast på den tidlegare SSR-registrerte skrivemåten **Midtre Broren**.

Med helsing frå

Ingvil Brügger Budal
stadnamnkonsulent

Daniel Gusfre Ims
seksjonssjef

Kjell Erik Steinbru
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og blir sendt utan underskrifter.

Mottakar:
Kartverket

Vedlegg:
Ulstein kommune – om namna 113038
på tre fjelltoppar – fråsegn frå
kommunen
Ulstein kommune – om namna 113039
på tre fjelltoppar – førebels
tilråding frå Språkrådet
Ulstein kommune – om namna 113040
på tre fjelltoppar –
saksutgreiing frå kommunen